

# Noen hovedpunkter i gjerde- og beitelovgivningen

## I. Innledning

I Norge bygger gjerde- og beitelovgivningen på en mer enn 1000-årig lovhistorie. Håvamål sier at «Gard set fred mellom grannar» Magnus Lagabøters landslov fra siste halvdel av 1200 tallet fastsatte prinsippet «en hver freder sin jord» Dette prinsippet gjaldt helt til 1860 da prinsippet ble snudd på hodet til «en hver får passe sine dyr» I gjeldende lovgivning er det fortsatt dette hovedprinsippet som gjelder.

Rettsreglene om **beitespørsmål og gjerdehold**, bygger imidlertid for en stor del på lokale sedvaner og avtaler. Slike sedvaner og avtaler kan være gamle og uklare eller på andre måter fremstå som vanskelig tilgjengelige. Det er derfor nødvendig å skaffe fullstendig oversikt over reglene før det kan gis et endelig svar på hvordan det skal forholdes i det enkelte tilfelle. Som vanlig når det gjelder rettsspørsmål mellom private parter, er det bare domstolene som kan avgjøre spørsmål med endelig virkning overfor partene.

Det er viktig å ha klart for seg at beiterett og gjerderett er to forskjellige og selvstendige rettsområder. Når spørsmål knyttet til begge rettsområdene er behandlet i denne fremstillingen, har dette sin bakgrunn i at de ulike reglene ofte må ses i sammenheng for å få full oversikt.

## II. Kort oversikt over lovene

**Grannegjerdeloven** ( Lov om grannegjerde av 5. mai 1961. )  
regulerer først og fremst **retten til å ha og plikten til å holde** gjerde mellom **naboeiendommer** (det vil si eiendommer som har felles grense). Grannegjerdeloven gjelder også inne på en enkelt eiendom når en annen enn eieren har beiterett på eiendommen

**Beiteloven** (Lov om ymse beitespørsmål av 16. juni nr. 12 1961. )  
fastslår først og fremst husdyrinnhavers ansvar (vokteplikten). Loven regulerer imidlertid ikke **hvem** som har beiterett **hvor**.

**Jordskifteloven** (Lov om jordskifte o.a. 21 des nr. 77 1979)  
har bestemmelser om

- «rettsutgreiing» - fastsette eksisterende rett
- «bruksordning» - skape ny rett
- «fellestiltak» - skape ny rett

# III. Enkel innføring i grannegjerdeloven

## 1. Hovedregel

**Det kan i utgangspunktet fritt avtales hvilken gjerdeordning som skal gjelde**

- hvor gjerdet skal gå,
- hvem som skal vedlikeholde
- hvordan kostnadene skal fordeles.
- Enkelte lovregler setter imidlertid grenser for hva som kan avtales. blant annet grannegjerdeloven §§ 2, 3, 5, 10 og 18, dyrevernloven § 29, frilufsloven § 13 første og tredje ledd, vassdragsloven § 8 første ledd bokstav b, reindriftsloven § 10 første ledd nr. 4 og 12, og plan og bygningsloven § 103..

Avtale om gjerdeordning kan sies opp etter minst 10 år eller når forholdene har endret seg vesentlig

Det er i praksis først ved uenighet om gjerdeholdet at grannegjerdeloven kommer til anvendelse. Men som nevnt innledningsvis gjelder ikke loven dersom eksempelvis lokal sedvane, hevd eller alders tids bruk bestemmer en annen ordning.

## 2. Retten til å sette opp eller holde gjerde

**Enhver har rett til å sette opp eller opprettholde gjerde mot naboeiendom dersom han betaler det selv**

Det er likevel ufravikelige krav at:

- Gjerdet ikke må være farlig for folk eller husdyr  
Det er ikke forbudt med piggtråd i innmark eller elektriske gjerder, men dette må brukes med forsiktighet. Piggtråd i utmark må være i kombinasjon med lett synlig gjerdemateriale, jf dyrevernloven § 29.
- Gjerdet må ikke legges slik at det gjemmer eller skader grensemerke

I tillegg er det visse ytterligere krav som kan fravikes etter avtale:

- Gjerdet skal være slik at det ikke er til unødvendig eller urimelig ulempe eller sjenanse for naboeiendom  
Eksempler på dette kan være et gjerde som stenger for sol og lys eller er særlig skjemmende på grunn av farge, materiale eller konstruksjon. Ved vurderingen må det skilles mellom strøkets karakter, eksempelvis villastrøk og lagertomter /industri..
- Det skal settes i grenselinjen, med maksimalt 0,5 meters avvik bortsett fra steingard fra før 5 mai 1961. Dersom det er særlig vanskelig eller dyrt å sette gjerdet i grensen, kan det settes utenfor mot erstatning til den som får det på sin grunn.

Dersom den ene av naboene ønsker et dyrere gjerde enn den andre er pliktig til å være med på, har han rett til dette mot å dekke merkostnadene

### **3. Plikten til å sette opp eller holde gjerde**

For at det skal foreligge gjerdeplikt må to betingelser være oppfylt

#### **3.1.**

##### **For det første må begge grunneierne ha nytte av gjerdet.**

Det vil si at fordelene må overstige ulempene for hver av grunneierne. Kostnadene ved oppføring og vedlikehold skal holdes utenfor ved denne vurderingen.

Grunneierens nytte av gjerdet kan være av rent økonomisk art. Eksempelvis bondens ønske om å forebygge erstatningskrav som følge av skade husdyrene hans gjør på naboeiendom, bedriftens ønske om å hindre at folk eller fe kommer inn på området til en virksomhet av farlig karakter (steinbrudd, kjemisk industri, forsvarets skarpskytingsfelt m.v.), eller beskyttelse av lagerplass. Et boligselskap måtte delta i gjerdehold mot landbrukseiendom. Boligselskapet og leieboerne ville være solidarisk ansvarlige dersom barn eller voksne voldte skade på landbrukseiendommen..

Det kan også foreligge en nytte som ikke er av økonomisk art. Eksempelvis ønsket om å holde uvedkommende bort fra en boligeiendom, hindre innsyn, forebygge at plenen blir tråkket opp av dyr med videre.

Dersom en av grunneierne ikke har nytte av gjerdet eller ulempene ved gjerdet overstiger nytten, har han ikke plikt til å delta i gjerdeholdet

#### **3.2.**

##### **For det andre må det være klart at summen av nytten for begge eiendommene overstiger kostnadene. I motsatt fall er det ikke noen plikt til å delta i gjerdeholdet.**

Nytten vil typisk overstige kostnadene når det er beitedyr på en eller begge sider av gjerdet, eller når hageeier eller næringsdrivende ønsker å holde uvedkommende borte. Det skal presiseres at hytteeier aldri kan kreve at utmarkseier setter opp gjerde mot hyttetomten, uten at dette er avtalt

#### **3.3.**

##### **Et allerede eksisterende gjerde må ikke legges ned uten avtale, unntatt når vedlikeholdskostnadene er større enn den samlede nytten for begge eiendommene**

### **4. Kostnadene ved gjerdehold**

##### **Når det foreligger gjerdeplikt er den formelle hovedregelen at utgiftene skal deles likt mellom naboene**

Dersom en likedeling vil være urimelig i forhold til den nytten hver av naboene har av gjerdet, kan fordelingen skje ved skjønn

## 5. Tilsidesettelse av gjerdeordning

Avtale eller andre særlige «rettstilhøve» som er til hinder for «ein rimeleg gjerdeskipnad», kan settes til side mot erstatning til den skadelidende part. Dette gjelder også sedvane eller avtaleforhold som går foran gjerdelovens regler.

## 6. Gjerdeskjønn og tvangsfullbyrdelse

Twist om nabogjerdespørsmål avgjøres ved gjerdeskjønn styrt av lensmannen, tingretten eller jordskifteretten som ledd i jordskifte eller som egen sak.

Dersom en av partene ikke oppfyller sin forpliktelse, kan namsmannen la den andre utføre arbeidet på misligholderens kostnad. Gjerdeskjønn er tvangsgrunnlag. Inndrivelse må skje ved utleggsforretning.

## IV. Enkel innføring i beiteloven

### 1. Husdyr

Beiteloven gjelder husdyr. Med husdyr forstås i denne sammenheng hest, storfe, gris, sau, geit og fjørfe unntatt duer.

Det finnes ellers en egen lov om retten til å slippe hingster, okser, værer og geitebukker på beite. Den såkalte handyrloven går først og fremst ut på at det ikke er lov til å la hanndyr gå sammen med andres sauer, geiter, hopper eller kyr.

### 2. Hovedregelen – ansvaret for egne husdyr

**Innehaver av husdyr plikter å sørge for at dyrene ikke oppholder seg på steder hvor han ikke har rett til å la dem være – såkalt «vokteplikt»**

Plikten gjelder også den som fører tilsyn med dyrene.

### 3. Brudd på vokteplikten

#### 3.1

**En annen side av vokteplikten er at eier eller innehaver av husdyr skal erstatte skade som dyra forvolder på steder der de ikke har lov å være**

Twist om skadens omfang kan avgjøres ved skjønn, jf beiteloven § 11 første ledd.

Skjønnsavgjørelsen er tvangsgrunnlag. Det er uten betydning om eieren/husdyrpasseren har skyld i at dyret kom inn på området. Han er ansvarlig selv om fremmede har klippet hull i gjerdet eller gått fra en åpen grind. Dersom han er uten skyld kan imidlertid erstatningsansvaret lempes. Videre kan det naturligvis være tale om regress..

Ansvaret etter beiteloven er begrenset til «skade som har sammenheng med dyrenes beiting på fremmed eiendom». Eksempelvis erstattes ikke skade på bil ved sammenstøt med husdyr på offentlig vei. Videre kan erstatningsansvaret settes ned eller bortfalle helt dersom skadelidte ikke har gjort noe for å forhindre skaden, eksempelvis ved mislighold av gjerdeplikten.

## 3.2

### **Den som har fått husdyr på sin grunn i strid med vokteplikten, kan ta dyret i forvaring**

Tilbakeholdsretten tapes dersom fremgangsmåten etter beiteloven § 8 ikke følges.. Tilbakeholdsretten varer til innsetteren har fått erstatning for skade på avling og eiendom, samt sikkerhet for de utgifter som innsettingen har medført. Dyret skal få forsvarlig stell.

## 3.3

### **Eieren eller innehaveren kan straffes med bøter dersom han forsettelig eller uaktsomt har vært årsak til at dyrene har kommet inn på et område hvor han ikke har lov til å la dem være**

Også utenforstående kan straffes dersom de er årsak til at dyrene kommer inn på et område hvor eieren eller innehaveren ikke har lov til å la dem være. Typiske eksempler på dette er fotturister som ikke lukker grinden etter seg, eller ved uvettig adferd jager dyrene gjennom et gjerde.

Ingen kan imidlertid straffes dersom det ulovlige området dyrene har kommet inn på ligger over barskoggrensen

## 4. Beiterett

### 4.1

#### **Beiteloven bestemmer ikke hvilke husdyr som kan beite hvor**

Beiterett må derfor utledes på annet grunnlag:

- Det kan inngås **avtale** om beiterettigheter på fast eiendom (Et problem i dag kan i denne sammenheng være delingsforbudet i jordloven § 12 og konsesjonsplikten etter konsesjonsloven § 3)
- **Deling** av eiendom (mest aktuelt for deling skjedd før jordloven av 1955)
- **Hevd.** Hevdstiden er 20 år dersom beitebruken har vist seg av en fast tilstelling; for eksempel gjerde, innsamlingskve eller lignende og 50 år dersom det ikke er faste tilstillinger i forbindelse med beitet. Forøvrig må en potensiell hevder være i aktsom god tro..
- **Alders tids bruk** kan etter rettspraksis tenkes etter ca. 80 år
- **Lokal sedvane.** Rettspraksis stiller strenge krav for å godkjenne lokale sedvaner Det stilles krav til at bruken har vært oppfattet som rettsutøvelse på begge sider, og ikke bare er tålt bruk.
- **Almenningsberettigede** har beiterett for dyr som kan vinterfôres.

Begrepet «**streifbeiterett**» ble lansert i 1980 ved et forsøk på revidering av gjerde- og beitelovgivning. Det er senere påberopt av partene i en rekke rettssaker, og er dessuten fulgt opp i et nytt forsøk på revisjon. Poenget med streifbeiteretten var at den skulle være et unntak fra vokteplikten, men at den likevel kunne begrenses ved gjerdehold. **Høyesterett har foreløpig avvist å statuere noen rett på grunnlag av begrepet streifbeiterett!**

## 5. Begrensning av beiterett

Dersom det er «mykje om å gjera» kan kommunen forsøke å legge til rette for beitefri områder i skogsmark, eksempelvis ved avtaler mellom grunneierne. Bakgrunnen for dette er ifølge forarbeidene at stor grad av beiting, og særlig vår- og høstbeiting kan være skadelig eller nedbrytende for skogen.. Det skal i den forbindelse søkes å overføre beitingen til inngjerdede områder, eventuelt avtale at den aktuelle beiteretten ikke skal benyttes mot erstatning

Dersom frivillig avtale mellom partene ikke oppnås, kan Landbruks- og matdepartementet etter forslag fra kommunen forby all beiting eller beiting med nærmere bestemte husdyr og i nærmere bestemte skogsområder innen tidsrommet 1. oktober – 24. juni. Departementet kan videre bestemme fortrinnsrett til beiting på nærmere bestemte utmarksområder, eksempelvis for enkelte typer beitedyr eller slik at nærmere bestemte gårdbrukere har hver sine perioder med beiting.

Landbruks- og matdepartementet kan videre forby beiting hele eller deler av året på et eller flere bestemte områder og med noen eller alle slags husdyr. Beite kan imidlertid aldri forbys i bygde- eller statsallmenninger. Den som rammes av et slikt forbud kan kreve å få retten sin avløst etter jordskifteloven. Til erstatning har han krav på kulturbeite, mark som er egnet til kulturbeite, rett i felleseter, andre beitetiltak eller penger til istandsetting av beite eller nødvendige anlegg. I valget mellom flere alternativer skal det utpekes som gjør minst inngrep i grunneierens rådighet.

Det er ellers ikke adgang til å opprette ny beiterett for geit i skogsmark. (Servituttloven § 14 annet ledd.)

## V. Gjerde- og beitespørsmål i jordskifteretten.

**Jordskifterettens oppgave er :**

- Avklare rettsforhold mellom eiere/bruksrettshavere
- Omforme/regulere privatrettslige forhold mellom grunneiere/bruksrettshavere

Forutsetning for at jordskiftesak kan fremmes:

- Det må foreligge utjenelige forhold etter ”tid og tilhøve”  
Dvs en eller flere eiendommer er vanskelig å utnytte slik de ligger i dag sett i forhold til de driftsmåter og utnyttingsformer som for tida er aktuelle
- Jordskifteretten må ha virkemidler som kan brukes for å gjøre eiendommene bedre skikka til utnytting
- Jordskiftesaken må utløse gevinst for eiendommene samlet, dvs. nytten må være større enn kostnadene. Dessuten må nettoytten – skiftegevinsten – fordeles slik at ingen lir tap.  
Merk: vurderingene knytter seg til eiendommene og ikke til personene som eier eiendommene.

Et typisk eksempel på en situasjon som hindrer utmarksbeiting i praksis kan beskrives slik:

- Utmarka er delt til full eiendom.  
(Kan imidlertid ofte være uklart om beiteretten er delt eller ligger som en del av gamle sameier tilbake, evt hvem som har beiterett på annen manns grunn og i tilfelle av hvilket omfang)
- Det er ikke organisert beitebruk
- Beitedyr har etter sedvane streifet på tvers av eiendomsgrensene
- Gjerdene har stått mellom innmark og utmark og ikke i eiendomsgrensene, men er nå mer eller mindre falt ned

Spørsmålene som må løses før beiting i denne utmarka kan skje uten store konflikter er følgende:

- Hvem har beiterett hvor
- Hvor stor beiterett har den enkelte
- Hvor bør et gjerde optimalt oppføres
- Hvor kostbart er et nødvendig gjerdehold
- Hvem skal betale for gjerdeholdet
- Hvordan skal beitebruken organiseres

Som en ser av det foregående gir verken gjerdeloven som jo gjelder bare for gjerde i nabogrense eller beiteloven svar på noen av disse spørsmålene.

Med mindre grunneiere og bruksrettshavere klarer å bli enige på frivillig vis, er det kun jordskifteretten som kan løse problemene.

Gangen i en jordskiftesak som skal løse gjerde- og beitespørsmål vil typisk være:

1. Avklare beiteretten. "Hvem har hvor stor beiterett hvor"
2. Avklare gjerdeplikten. Har noen gjerdeplikt og i tilfelle hvor
3. Bonitere beitet. Hvilken verdi kan utløses ved å tilrettelegge for beiting?
4. Vurdere en egnet trase for gjerde
5. Vurdere kostnadene ved etablering og vedlikehold av gjerde opp mot den utløste verdi i beitet.
  - a. Kostnadene er større enn nytten. Saken stopper der.
  - b. Nyttien er større enn kostnadene. Saken kan da kjøres videre som et fellesstiltak:
6. Det etableres
  - a. Beiteeierlag som består av alle beiteeiere
  - b. Beitelag som består av de aktive beitebrukerne
  - c. Gjerdelag
  - d. Styringsverktøy (vedtekter) for lagene som sikrer samhandling mellom de ulike aktører og interesser.

Vedlegg

## I. LOV 1961-05-05 nr 00: Lov om grannegjerde [grannegjerdelova].

---

### **Lov om grannegjerde [grannegjerdelova].**

Jf. *tidlegare* lov 16 mai 1860, første kap. Jf. lover 21 juni 1963 nr. 23 kap. V, 15 juni 2007 nr. 40 § 24, pbl. § 20-1 og § 28-4.

#### **Ålmenne føresegner.**

**§ 1.** Føresegnene i denne lova gjeld berre når ikkje anna fylgjer av serlege rettshøve. Avtale om gjerdeskipnad gjeld framfor føresegnene i denne lova, når anna ikkje er serskilt sagt.

Gjerdehald ved offentleg veg og jarnveg går ikkje inn under lova. Lova gjev ikkje rett til å avtala, krevja eller ha gjerde som er i strid med lov eller vedtekter gjevne med heimel i lov.

**§ 2.** Når minst 10 år er gått, kan avtale om gjerdeskipnad seiast opp med eit års frist. Det same gjeld etter serlege omskifte i dei tilhøva som låg til grunn for avtala. Lenger tid eller frist kan ikkje avtalast, utan i samband med at del av eigedom vert fråskild til eige eller bruk.

**§ 3.** Grannegjerde skal vera såleis laga og vedlikehalde at det ikkje er farleg for folk eller husdyr.

Det må ikkje gjerast såleis at det løyner bort eller skader noko delemerke.

Gjerdeskipnad i strid med denne paragrafen kan ikkje avtalast.

**§ 4.** Grannegjerde skal vera såleis laga og vedlikehalde at det ikkje er uturvande eller urimeleg til ulempe eller lyte på granneeigedom.

Det skal setjast i delelina, ikkje lenger inn på grannegrunden enn på eigen grunn, og ikkje lenger inn enn 0,50 meter. Denne føresegna råkar ikkje steingard som lovleg står lenger inne på grannegrund når denne lova tek til å gjelda.

Der det fell serleg vanskeleg eller dyrt å ha gjerdet i delelina, kan det setjast ved sida mot skadebot til grunneigaren.

**§ 5.** Når grannegjerda ikkje vert halde oppe lenger, skal grannane taka bort gjerde eller gjerderestar som kan vera farlege for folk eller husdyr. Så langt grannane ikkje har ansvar for kvart sitt stykke, skal dei dele kostnadene med å taka gjerdet eller gjerderestane bort i same høve som den skyldnaden dei hadde til å halda gjerde på den tida dette vart lagt ned. Tvist etter denne paragrafen kan avgjerast med skjøn.

Vert endra med lov 21 juni 2013 nr. 100 (ikr. 1 jan 2016, etter res. 21 juni 2013 nr. 736).

#### **Rett til å ha grannegjerde.**

**§ 6.** Granne har rett til å ha gjerde mot granneeigedom når han kostar det sjølv.

### **Tvang til å halda grannegjerde.**

§ 7. Der grannegjerde er til nytte for eigedomane kvar for seg, kan granne krevje gjerdehald av granne, så framt det er klårt at samanlagt for båe eigedomane er nytta av gjerdehaldet større enn kostnaden.

Gjerde som er der frå før, må ikkje leggjast ned utan vedlikehaldskostnaden er større enn nytta for båe eigedomane under eitt.

Mot hyttetuft i utmark har utmarkeigaren ingen skyldnad til å halda gjerde.

§ 8. Der det er gjerdehaldstvang etter § 7, ber kvar av grannane sin halvpart av gjerdehaldet. Fell det då urimeleg mykje av gjerdehaldsskyldnaden på ein av grannane etter den nytta han har av gjerdet, kan gjerdehaldsskyldnaden delast mellom deim etter skjøn.

Vil den eine grannen ha dyrare gjerde enn den andre har skyldnad til å vera med på, har han rett til det mot at han tek på seg meirkostnaden.

Vert endra med lov 21 juni 2013 nr. 100 (ikr. 1 jan 2016, etter res. 21 juni 2013 nr. 736).

§ 9. Hus eller anna byggverk som står såleis, at det gjer teneste i staden for grannegjerde, vert ikkje medrekna i den gjerdelengda som skal delast. Der lende, grindhald eller andre tilhøve gjer gjerdehaldet dyrare på det eine stykket enn på det andre, skal skilnaden jamnast ut med avstyting i lengda eller på annan måte som skjønnet fastset.

Vert endra med lov 21 juni 2013 nr. 100 (ikr. 1 jan 2016, etter res. 21 juni 2013 nr. 736).

§ 10. Der det er tenlegast så, kan gjerdeskjønnet taka avgjerd om at grannane skal ha heile eller noko av gjerdehaldet i lag eller at den eine skal ha det heile åleine mot at den andre yter honom tilskot som skjønnet fastset.

Avtale eller serlege rettshøve som hindrar ein rimeleg gjerdeskipnad, kan setjast til sides mot at den grannen som får vinninga, held den andre skadelaus.

Vert endra med lov 21 juni 2013 nr. 100 (ikr. 1 jan 2016, etter res. 21 juni 2013 nr. 736).

### **Gjerdehaldet i serlege eige- og brukshøve.**

§ 11. Der ein annan enn eigaren brukar eigedomen eller eit serskilt stykke, har både brukar og eigar ansvar for gjerdehaldet andsynes grannane og rett til å krevja lovleg gjerdehald frå deira side. Om deling av kostnaden mellom eigar og brukar gjeld § 8 på tilsvarande måte.

Der ein annan enn eigaren har beiteretten på eit serskilt stykke, eller heile eigedomen, vert beiterettshavaren rekna for brukar.

§ 12. For område som ligg i sameige mellom bruk, er retten og skyldnaden til gjerdehald utetter som om det var ein eigedom for seg. Har sameigarane ikkje kvar sitt tydeleg fastsette gjerdehaldsstykke, er dei ansvarlege ein for alle og alle for ein.

Segimellom er sameigarane skyldige til å bera så mykje av gjerdehaldet at det svarar til den parten kvar av dei har i sameiga.

§ 13. For serskilt område der to eller fleire som ikkje er sameigarar har rett til beite, gjeld fyrste stykket i § 12 på tilsvarande måte. Er det ikkje anna delingsgrunnlag, svarar kvar av dei for gjerdehaldet etter kor mykje dyr han har rett til å ha på beitet.

## **Gjerdeskjøn.**

Overskrifta vert endra med lov 21 juni 2013 nr. 100 (ikr. 1 jan 2016, etter res. 21 juni 2013 nr. 736).

**§ 14.** Spørsmål om gjerdehald vert avgjort med gjerdeskjøn, så langt ikkje anna er serskilt fastsett i lov.

Der det er kravt jordskifte, bruksordning, avløyising eller delegang etter jordskiftelova, avgjer jordskifteretten spørsmål om gjerdehaldstvang og gjerdehaldsdeling i samsvar med den lova.

I spørsmål om gjerdehaldstvang og gjerdehaldsdeling kan ny avgjerd krevjast når minst 15 år er gått. Det same gjeld etter eigeomsdeling og etter andre serlege omskifte i dei tilhøva som låg til grunn for avgjerda.

Vert endra med lov 21 juni 2013 nr. 100 (ikr. 1 jan 2016, etter res. 21 juni 2013 nr. 736).

**§ 15.** Kjem gjerdeskjønnet til at der er skyldnad til å halda gjerde, tek det turvande avgjerder om korleis gjerdet skal vera, og kva tid det seinast skal vera sett i lovleg stand. Slike avgjerder skal mest mogeleg retta seg etter det grannane sjølve ynskjer, og etter skikk og bruk på staden.

Er det jordbruks- eller skogbrukseigedom på ei av sidene, skal gjerdet vera minst 1,10 meter høgt og så sterkt og tett, at det fredar mot hest, naut og sau, så langt ikkje anna fylgjer av vedtekt etter § 18 b, eller avtale partane imellom. Der det er rein jordbruks- eller skogbrukseigedom på båe sider, er det ingen skyldnad til å halda gjerdet i stand utanom den tida på året då marka er tenleg til beiting (jfr. § 18 c).

Vert endra med lov 21 juni 2013 nr. 100 (ikr. 1 jan 2016, etter res. 21 juni 2013 nr. 736).

**§ 16.** Skjøn etter lova her (gjerdeskjøn) vert styrt av lensmannen, namsfuten eller politistasjonssjef med sivile rettspleieoppgåver.

I områder som er lagt ut til landbruks-, natur- og friluftsfornål samt reindrift i medhald av plan- og bygningsloven § 11-7 nr. 5 eller er regulert til slik bruk eller vern og i uregulert område, held jordskifteretten skjønnet dersom rekvirenten set fram krav om skjøn for jordskifteretten i samband med sak etter jordskiftelova § 6 første til fjerde ledd første punktum eller som eiga sak. Når partane er samde om det, utfører jordskifteretten nødvendig oppmålingsarbeid som del av saka. Lov 21. desember 1979 nr. 77 om jordskifte §§ 58, 61 d og 74 tredje ledd gjeld tilsvarande.

Kostnaden ved skjøn om gjerdehaldstvang og gjerdehaldsdeling etter §§ 7 og 8 ber partane i høve til den nytta kvar av dei har av gjerde, såframt ikkje skjønnet finn grunn til ei anna deling. Om skjønnskostnaden elles gjeld det som er fastsett i tvisteloven kapittel 20.

Endra med lover 18 juni 1965 nr. 5, 26 jan 1973 nr. 3, 18 des 1998 nr. 84 (ikr. 1 jan 1999 iflg. res. 18 des 1998 nr. 1199), 15 juni 2001 nr. 78 (ikr. 1 juli 2001, etter res. 15 juni 2001 nr. 714, sjå overgangsføresegner der), 25 juni 2004 nr. 53 (ikr. 1 jan 2006, etter res. 19 aug 2005 nr. 901) som endra med lov 17 juni 2005 nr. 84, 17 juni 2005 nr. 90 (ikr. 1 jan 2008, etter res. 26 jan 2007 nr. 88) som endra med lov 26 jan 2007 nr. 3, 27 juni 2008 nr. 71 (ikr. 1 juli 2009, etter res. 12 juni 2009 nr. 638). Vert endra med lov 21 juni 2013 nr. 100 (ikr. 1 jan 2016, etter res. 21 juni 2013 nr. 736).

**Tvangsfullføring.**

§ 17. Skjønnsavgjerdene er tvangsgrunnlag på same måten som orskurdar. Klagen har ikkje utsetjande verknad om ikkje lensmannen, namsfuten eller politistasjonssjefen eller tingretten vedtek noko anna. Føresegna i tvisteloven § 19-13 tredje og fjerde stykket gjeld tilsvarande.

Når den eine grannen ikkje oppfyller gjerdehaldsskyldnaden, kan nåmsmannen lata den andre få fullmakt til å setja arbeidet i verk på hans kostnad. Har kravet ikkje tvangskraft, skal nåmsmannen gjeva grannen høve til å seia si meining før han tek avgjerda si. Er det ikkje tvangsgrunnlag frå før, kan tvist om kostnadsspørsmålet avgjerast i gjerdeskjøn når arbeidet er gjort.

Endra med lover 16 juni 1961 nr. 15 § 24, 26 jan 1973 nr. 3, 26 juni 1992 nr. 86, 14 des 2001 nr. 98 (ikr. 1 jan 2002 iflg. res. 14 des 2001 nr. 1416), 25 juni 2004 nr. 53 (ikr. 1 jan 2006, etter res. 19 aug 2005 nr. 901) som endra med lov 17 juni 2005 nr. 84, 17 juni 2005 nr. 90 (ikr. 1 jan 2008, etter res. 26 jan 2007 nr. 88) som endra med lov 26 jan 2007 nr. 3. Vert endra med lov 21 juni 2013 nr. 100 (ikr. 1 jan 2016, etter res. 21 juni 2013 nr. 736).

**Vedtekter.**

§ 18. I vedtekt stadfest av Kongen kan kommunestyret:

- a) setja forbod mot visse slag grannegjerde og gjeva nærare føresegner om korleis gjerde skal vera,
- b) fastsetja andre krav til høgde, styrke og tettleik på jordbruksgjerde enn dei som er sette i § 15, andre stykket,
- c) fastsetja kva tid på året marka skal reknast for tenleg til beiting, jfr. § 15, andre stykket.

**Ikraftsetjing og overgangsføresegner.**

§ 19. Denne lova tek til å gjelda frå den tid Kongen fastset.

---

Den gjerdeskipnaden som er mellom eigedomane når denne lova tek til å gjelda, står ved lag så lenge ikkje anna vert fastsett i gjerdeskjøn eller på annan lovleg måte. Føresegna i § 2 fyrste punktumet, skal og gjelda for avtale om gjerdeskipnad frå tida før denne lova er sett i kraft.

Lova gjeld frå 1 jan 1962, etter res. 8 des 1961.

§ 20. Vedtekt stadfest med heimel i lov frå 14. juli 1893 om Pigtraads Anvendelse til Gjærde held fram å gjelde så langt ho kunne ha vore stadfest med heimel i § 18 i denne lova.

Føyd til med lov 15 feb 1963 nr. 1, IV.

-----

## II. LOV 1961-06-16 nr 12: Lov om ymse beitespørsmål [beitelova].

---

### **Lov om ymse beitespørsmål [beitelova].**

Jf. *tidlegare* lover 16 mai 1860 kap. 2-4, 22 mai 1869, 12 feb 1932 § 15. – Jf. lov 29 nov 1968 §§ 14 og 15.

### **Kap. I. Beiteråd og heistyre.**

Opphevd med lov 13 juni 1980 nr. 41.

### **Kap. II. Ansvar for husdyr.**

§ 6. Eigar og innehavar av husdyr skal syta for at husdyr ikkje kjem inn på område der eigaren eller innehavaren ikkje har rett til å la dyra vera. Same skyldnaden har den som for eigaren eller innehavaren har tilsyn med husdyr. Med husdyr meiner ein i denne lova hest, storfe, gris, sau, geit og fjørfe unnanteke duer.

§ 7. Kjem husdyr inn på område der eigaren eller innehavaren av dyret ikkje har rett til å la det halda til, er eigaren eller innehavaren skyldig å svara skadebot for den skaden dyret valdar på avling og annan eigedom.

Har skadelidne sjølv medverka til skaden med å vanhaldast gjerdeskyldnaden sin eller på annan måte, kan skadebota setjast ned eller falla heilt bort alt etter kor stor skuld han har.

§ 8. Den som har fått husdyr inn på sin grunn i strid med § 6 kan setja dyret inn. Han skal snarast råd er, og seinast innan 3 dagar, melda frå til eigaren eller innehavaren om at dyret er sett inn. Veit han ikkje kven eigaren eller innehavaren er og får han heller ikkje greie på det, skal han varsle politiet snarast råd er. Politiet skal freista få greie på kven eigaren eller innehavaren er og skal om turvande med oppslag, lysing i blad eller på annan måte gjere kjent at dyret er sett inn.

Endra med lov 15 des 1967 nr. 2.

§ 9. Den som har sett inn husdyr i samhøve med § 8 skal gje dyret forsvarleg stell. Han har ikkje rett til å bruke det, men kan nytta den daglege avdråtten av dyret mot avkorting i det kravet han har etter andre leden i denne paragrafen.

Innsetjaren har rett til å halda dyret tilbake til det er reidd ut skadebot som fastsett i § 7 og godtgjering for det arbeidet og dei utlegg innsetjinga og kunngjeringa har ført med seg, eller til det er gjeve full trygd for kravet til innsetjaren. Innsetjaren spiller tilbakehaldsretten om han ikkje fylgjer føresegnene i § 8.

§ 10. Har ikkje eigaren eller innehavaren meldt seg innan 2 veker etter at melding om innsetjinga er komen fram til han eller etter at denne er kunngjord i samsvar med føresegnene i § 8, kan innsetjaren krevja at dyret vert seld gjennom namsmyndighetene etter reglane i tvangsfullbyrdelseslova så langt dei høver. Føresegnene i tvangsfullbyrdelseslova § 8-16 fyrste leden gjeld ikkje i dette høvet.

Føresegnene i fyrste leden gjeld på tilsvarende måte, i fall den summen innsetjaren har krav på etter føresegnene i § 9, andre leden, ikkje vert utreidd innan 3 dagar etter at partane har vorte samde om summen eller, når summen er fastsett med skjøn, innan 3 dagar etter at skjønnet er endeleg.

Av salssummen skal innsetjaren få det han har krav på etter § 9. Gjev salet meir enn summen av kravet til innsetjaren, pålagt skjønnskostnad og salskostnaden, kjem resten inn under reglane om innkome frå sal av hittegods.

Føresegnene i denne paragraf gjeld på tilsvarende måte når nokon finn bortkomne husdyr.

For dyr som går på beite der det er gjeve føresegner om sams sanking, skal det berre reidas ut finnarløn for dei som vert funne etter sams sanking er avslutta.

Omfram krav på kostnaden, har finnaren rett til finnarløn etter reglane i § 9 i lova om hittegods.

Endra med lover 15 des 1967 nr. 2, 26 juni 1992 nr. 86, 25 juni 2004 nr. 53 (ikr. 1 jan 2006, etter res. 19 aug 2005 nr. 901).

**§ 11.** Vert det tvist om krav etter § 7 eller § 9, kan kvar av partane krevja at spørsmålet vert avgjort ved skjøn. Skjøn etter lova her vert styrt av lensmannen, namsfuten eller politistasjonssjef med sivile rettspleieoppgåver. Skjønnsstyraren skal gje partane varsel om skjønnet med ein frist på minst 5 dagar.

Kostnaden med skjønnet ber eigaren eller innehavaren så framt skjønnet ikkje finn grunn til ei anna deling.

Pengesummar som nokon har krav på etter skjønnsavgjerd i medhald av denne paragrafen kan søkjast inn etter dei reglar som gjeld om fullføring av domar.

Endra med lover 18 juni 1965 nr. 5, 26 jan 1973 nr. 3, 25 juni 2004 nr. 53 (ikr. 1 jan 2006, etter res. 19 aug 2005 nr. 901) som endra med lov 17 juni 2005 nr. 84. Vert endra med lov 21 juni 2013 nr. 100 (ikr. 1 jan 2016, etter res. 21 juni 2013 nr. 736).

### **Kap. III. Beitereregulering.**

**§ 12.** I skogsmark der det er mykje om å gjera at det vert slutt med beite heilt eller for ein del, skal kommunen – i tilfelle i samarbeid med grannekommunane – freista å legge tilhøva slik til rette at området kan verta freda for beiting i den mon dette er turvande. I samband med dette skal kommunen freista å få i stand avtaler mellom grunneigarane og dei som har beiterett om å føre over beiterettane til ein eller fleire inngjerda område eller til å fråfalle beiterettar mot å avtala skadebot når tilhøva ligg til rettes for det.

Endra med lover 13 juni 1980 nr. 41, 11 juni 1993 nr. 96.

**§ 13.** Når kommunen gjer framlegg om det og fylkesmannen har hatt høve til å seia si meining, kan departementet setja forbod mot all beiting eller beiting med visse slags husdyr i nærare oppgjevne skogmarkområde i kommunen i tidsrommet 1. oktober – 24. juni eller i ein bolc av dette tidsrommet.

På same måte kan departementet gjeva førerett for beiting i nærare oppgjevne utmarksområde.

Endra med lover 13 juni 1980 nr. 41, 11 juni 1993 nr. 96.

**§ 14.** Når kommunen gjer framlegg om det og fylkesmannen har hatt høve til å seia si meining, kan departementet setja forbod mot beiting med alle slags dyr heile året. Forbodet kan gjelda for heile kommunen, eller for ein lut av han, men aldri for bygde- eller statsålmenningar.

Den som har beiterett og som vert råka av forbodet i denne paragrafen, kan krevja retten sin avløyst etter reglane i § 92 i jordskiftelova. Til avløysing skal det leggast ut kulturbeite eller annan mark som er skikka til beite eller til opparbeiding av

kulturbeite. Der fleire har beiterett, bør rettane avløysast ved oppretting av felleseter eller andre sams beitetiltak. Vert vederlaget ikkje heilt dekt ved avståing av grunn eller annen beiterett, skal resten ystast i pengar til istandsetting av beite eller turvande anlegg.

Når vilkåra for avløysing ikkje ligg føre eller dersom eigaren av den eigedom beiteretten kviler på, ikkje godtar å svara det vederlaget som er fastsett etter andre leden, kan forbod etter denne paragrafen ikkje gjerast gjeldande mot den som har beiterett. I samarbeitestrok kan forbod som nemnt ikkje gjerast gjeldande mot nokon som har beiterett, minder vilkåra for avløysing ligg føre for alle dei som har beiterett.

Forbodet tek til å gjelda 1 år etter det er kunngjort. Departementet fastset kunngjeringsmåten. Mot den som har beiterett og som krev avløysing innan årsfresten, tek ikkje forbodet til å gjelda før det ligg føre endeleg avgjerd i avløysingssaka.

Den som ikkje har kravt avløysing før forbodet tek til å gjelda, kan ikkje krevja skadebot for tap som han har lide for skuld forbodet, eller i tilfelle lid til dess avløysingssaka er avgjort.

Endra med lover 15 des 1967 nr. 2, lov 13 juni 1980 nr. 41, 11 juni 1993 nr. 96. Vert endra med lov 21 juni 2013 nr. 100 (ikr. 1 jan 2016, etter res. 21 juni 2013 nr. 736).

**§ 15.** Departementet kan gjeva føresegner om merking av dyr som vert slept på beite, om sams sanking, og om slepping av dyra.

#### **Kap. IV. Ymse føresegner.**

**§ 16.** Den som med vilje eller av aktløyse er årsak til at husdyr kjem ulovleg inn på annan manns grunn vert straffa med bot.

Men straff vert ikkje nytta dersom forsøminga berre har ført med seg at det er kome husdyr ulovleg inn på område ovanfor barskoggrensa.

Brot vert påtala av det offentlege når den krenkte eller kommunen krev det. Med påtalekravet skal det fylgja fråsegn frå kommunen.

Endra med lover 28 mai 1971 nr. 51, lov 13 juni 1980 nr. 41, 11 juni 1993 nr. 96. Vert endra med lov 20 mai 2005 nr. 28 (ikr. frå den tid som vert fastsett ved lov) som endra med lov 19 juni 2009 nr. 74.

**§ 17.** Denne lova tek til å gjelda frå den tid Kongen fastset. Samstundes held desse føresegnene opp å gjelda:

— — —

Dei beiteforbod som er fastsette etter § 15 i lov om skogvern skal gjelda inntil dei vert brigda eller oppheva med heimel i denne lova.